Tokke

Saksframlegg

Arkivreferanse: 2026/1033-1

Sakshandsamar: Tone Lunde Skaalen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Helse, oppvekst, kultur og idrettsutval		
Kommunestyre		

Utbedring av krysset opp til Vikavegen

Saksframlegg godkjent 28.08.2026.

Åge Verpe

Kommunedirektør

Vedlegg

1 Fv. 450 Skafsåvegen v. kryss Vikavegen Tokke - byggeplan 4.8.2026

Bakgrunn for saka
I Tokke kommune er det fleire vegar som er definert som «særskild farleg skuleveg». Ei av desse vegane er strekninga frå Nordbygda og ned til Holtebru, Borsævegen (gjelder elevar frå 1. – 7. klasse) Då det fram til haust 2026 har gått buss opp til Jordet, Borsævegen 107, har borna frå Vikavegen gått over jordet for å gå på bussen i krysset inn til Borsævegen 73 A. Det er i utgangspunktet fylkeskommunen som har ansvaret for denne strekninga då avstanden mellom heim og skule er over 4 km (2 km for born i 1. klasse). Frå haust 2026 har fylkeskommunen bestemt at dei ikkje lenger skal køyre buss opp Borsævegen. Det er berre ein elev att langs Borsævegen som er under ungdomsskulealder, og denne eleven bur 500 meter frå Holtebru. Fylkeskommunen definerte denne strekninga som ikkje særskild farleg. Borna på Vikavegen meinte dei skulle gå av/på i Vikakrysset. Dette var ein eiga sak i kommunestyret 16.06 – 26, sak 39/2026. .

Kommunedirektørens innstilling i saka var å fjerne Borsævegen som særskild farleg skuleveg, då denne strekninga ligg under fylkeskommunens vurdering, organisering, kostnad og ansvar. Under drøftingane var kommunen likevel positiv til å samarbeide/gå i dialog med fylkeskommunen for å sjå om det kunne gjerast tiltak for

å gjere Vikakrysset meir trygt for elevane, særskild med tanke på at nokre elvar var i småskulealder og fleire skuleborn vil kome i løpet av dei neste åra.

Vedtaket i kommunestyrevedtaket gjekk i mot kommunedirektørens innstilling i pkt 1:

«1. Ordninga vi har i dag med skuleskyss på fylkesveg 450 blir vidareført»

Utfordringa med dette vedtaket er at det går ingen buss lenger på denne strekninga, og på bakgrunn av dette blir det ikkje som tidlegare. Borna som bur i Vikavegen må difor gå av/på i Vikakrysset.

Då kommunen i dette vedtaket tok over ansvaret for denne strekninga, får elev (føresette) i Borsævegen køyregodgjersle, medan borna Vikavegen får drosje.

Saksutgreiing

Etter drøftingar og vedtak i kommunestyre sak 39/2026, har fylkeskommunen kome med ei skisse for ein busslomme (sjå vedlegg). Denne busslomma er litt breiare enn vanleg, slik at den kan brukast av buss i begge retningar. Det er planlagt skilting og noko rydding av buskar for å sikre betre sikt.

Kommunedirektøren har vore i dialog med føresette som klaga på tidlegare vedtak jf. sak 39/2026. Dei er positive til busslomme, og ynskjer også ljos om mogleg. Dei vil fråfalle krav om «særskild» skuleskyss dersom busslomme og ljos kjem på plass.

Telemark fylkeskommune ønskjer å bygge denne busslomma via driftskontrakten. Planen er at dette arbeidet skal iverksettast så snart som mogleg haust 2026.

Tokke kommune bør vurdere om dei tek kostnaden med å sette opp eit ljospunkt ved bruk av solcelle dersom fylkeskommunen ikkje gjer dette.

Konklusjon

I kommunestyrets vedtak, sak 39/2026 tok kommunen over ansvaret for skuleskyssen i Nordbygda både økonomisk og administrativt. Dette blir ein stor kostnad for kommunen då ein drosje t/r kostar om lag 750 kr pr dag. Dette utgjer 3750 kr i veka og 142 500 kr for eit skuleår.

At Telemark fylkeskommune (som etter regelen sit med ansvaret for skuleskyss over 2/ 4 km) no kjem med ei skisse for å sikre krysset opp til Vikavegen betre, bør vere ein god løysing for alle partar. Kommunedirektøren meiner difor at dette krysset ikkje bør definerast som særskild farleg og la fylkeskommunen site med ansvaret for denne strekninga /krysset som regelen er.

Kommunedirektørens tilråding

1. Med forbehald om utbetring av krysset opp til Vikavegen blir fylkesveg 450 ved krysset til Vikavegen ikkje definert som særskild farleg skuleveg. Fylkeskommunen har ansvaret for skuleskyssen.

2. Inntil ny busslomme er på plass får borna drosje på kommunes rekning. Dekning av kostnadane blir tilført planområde 2 i andre tertialrapportering i 2026.

3. Tokke kommune set opp ljospunkt ved bruk av solcelle dersom dette ikkje blir gjort av fylkeskommunen.